

MØTEBOK
REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL**Møtedato:** Fredag 30.9.2022**Stad:** Ål**Desse møtte frå Regionrådet:**

Solveig Vestenfor	Ål kommune
Petter Rukke	Hol kommune
Tore Haraldset	Nesbyen kommune
Merete H. Gandrud	Flå kommune
Pål Rørby	Hemsedal kommune
Heidi Granli,	Gol kommune

Desse møtte frå kommunedirektørutvalet

Ole Johnny Stavn,	Hol kommune
Hege Mørk,	Gol kommune
Henrik Skovly,	Nesbyen kommune
Odd Egil Stavn,	Flå kommune
Karsten Dideriksen,	Ål kommune
Stephan Gundersen	Hemsedal kommune

Desse møtte frå administrasjonen

Jan Olav Heling
Knut Arne Gurigard
Linda Dalene Bjerke
Maria Grevsgård

Desse møtte frå Viken fylkeskommune:

Magnus Weggesrud, pol.
Lasse Narjord Thue, adm.

SAK 65/21 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 29.8.2022

Vedtak:

Møteprotokollen frå Regionrådsmøte 29.8 2022 er godkjent.

SAK 66/22 NYTT FRÅ VIKEN

Lasse Narjord Thue orienterte om nytt frå Viken. Presentasjonen er vedlagt.

- Prosessen rundt oppdeling av Viken og etablering av nye Buskerud.
- Regionale planar og medverknad
- Prosess NTP
- Busetting av flyktingar i 2022 og kva som er tenkt for 2023.

SAK 67/22 ÅRSBUDSJETT FOR 2023 OG ØKONOMIPLAN 2023-2026.

Vedtak:

Regionrådet for Hallingdal rår til at Hallingtinget gjera slikt vedtak:

1. Hallingtinget gjer framlegg om at kommunane vedtek forslag til driftsbudsjettet for 2023, med ei kommunal finansiering på kr. 2.550.000
2. Til gjennomføring av tiltak i Strategisk plan for Hallingdal, rår Hallingtinget at det blir løyvd kr. 800.000 for 2023, frå kommunane i Hallingdal.
3. Til finansiering av ei ekstra stilling i Regionrådet, rår Hallingtinget at det blir løyvd kr. 400.000 ekstra for 2023, frå kommunane i Hallingdal. Denne skal ein forsøke å finansiere på andre måtar frå 2024.
4. Hallingtinget rår til at Regionrådet sitt disposisjonsfond blir ståande på kr. 763 671,67 for 2023 og at ein går attende vedtak på kr. 800.000 frå og med budsjettåret 2024.
5. Hallingtinget rår til at Regionrådet kan nytte inntil kr. 380.000 pr. år av disposisjonsfondet, til aktuelle tiltak som ikkje er budsjettert. Løyvingar må takast opp ved den årlege budsjetthandsaminga.
6. Hallingtinget rår til at det frå disposisjonsfondet kan nyttast inntil kr. 380.000 til interkommunale tiltak, der det ikkje er sett av midlar, men der kommunane er positive til deltaking. Føresetnaden er positive vedtak i den einskilde kommune.
7. Hallingtinget vedtek forslag til økonomiplan 2023 – 2026.

SAK 68/22 INNSPEL TIL RULLERING AV HANDLINGSPLAN TIL STRATEGISK PLAN

Vedtak:

Regionrådet legg fram saka for Hallingtinget med følgjande endringar.

1. Følgjande tiltak blir foreslått fjerna:
 - Nr 19: Vurdere vidareføring av «Toppidretsregion Hallingdal»
 - Nr 39: Utarbeide «grøne reguleringsplanar» i kommunane
 - Nr 41: Påverke bøndene til å sortere og levere all rundballeplast
 - Nr 61: Harmonisering av PLO systemet i retning AKSON
2. Følgjande tiltak blir foreslått lagt til: Gjennomføre tilrådingane i forstudie «Berekraftssenter Hallingdal»
3. Andre endringar kan blir framlagt etter innspel frå rådmannsutvalet og ev. andre

SAK 69/22 ENDRING FRÅ REGIONRÅD TIL INTERKOMMUNALT POLITISK RÅD. (IPR) INKL. UTKAST TIL SAMARBEIDSAVTALE IPR OG VILJESERKLÆRING.

Vedtak:

Regionrådet for Hallingdal rår til at Hallingtinget gjera slikt vedtak:

1. Regionrådet for Hallingdal, slik det er organisert i dag opphøyrer 31.12.2022
2. Det nye regionale politiske samarbeidet mellom kommunane i Hallingdal blir organisert som eit interkommunalt politisk råd etter kommunelova §18.1 frå og med 01.01.2023. Namnet på rådet skal vere «Hallingdal interkommunale politiske råd», til dagleg kalla «Regionrådet for Hallingdal»
3. Hallingtinget vedtek Samarbeidsavtale og Viljeserklæring
4. Kommunestyret i kvar kommune vedtar samarbeidsavtala for Hallingdal interkommunale politiske råd.
5. Representantskapet består av ordførarar, varaordførarar og tre representantar frå kvar kommune.

SAK 70/22 SATS PÅ HALLINGDAL – INNSPEL TIL RULLERING AV HANDLINGSPLAN.

Maria Grevsgård orienterte om status og om at det er mogeleg å endre handlingsplanen no. Det vart ikkje fatta vedtak og saka går rett ti Hallingtinget.

SAK 71/22 MØTEPLAN FOR 2023

Vedtak:

Regionrådet for Hallingdal vedtek følgjande møteplan for 2023

Dato	Stad	Møte
Fredag 27/1	Hemsedal	Regionråd
Fredag 24/2	Gol	Regionråd
Torsdag 30 - fredag 31/3	Nesbyen	Regionråd
Torsdag 20 - fredag 21/4	Ål	Hallingting
Fredag 26/5	Flå	Regionråd
Fredag 23/6	Hol	Regionråd
Fredag 25/8	Hemsedal	Regionråd
Torsdag 28 - fredag 29/9	Gol	Regionråd
fredag 27/10	Nesbyen	Regionråd
Fredag 23 – fredag 24/11	Flå	Hallingting
Fredag 15/12	Ål	Regionråd

72/22 ORIENTERING FRÅ VIDJU AS

Audun Grynning og Gudbrand Gulsvik orienterte om Vidju og om situasjonen i kraftmarknaden. Sjå presentasjon.

SAK 73/22 EVENTUELT**Hallingdal i Buskerud**

Det vart drøfta kva rolle Hallingdal skal ha og korleis me skal arbeide inn mot etablering av nye Buskerud fylke. Kva mogelegheiter har Hallingdal til å påverke prosessen korleis kan me få til ein desentralisert modell.

Førebuing til Hallingting.

Me må ha sak om budsjett, Strategisk plan, Sats på Hallingdal, profilering og omorganisering til IPR. I tillegg, invitere ny fylkesdirektør, poltiråd og start up Hallingdal.

Dispensasjonssaker hjå statsforvaltar om å bu på hytta.

Det er utarbeidd ein veileder frå statsforvaltar. Den er ikkje heilt klar på alle område.

Konklusjon:

KRU tek opp saka med KMD. Kva mandat har statsforvaltar fått frå regjering.

Besøk frå fylkesråd kultur og mangfald 21 - 22 nov. 2022.

Send innspel til Solveig Vestenfor i god tid

Ny person i styre for Sats på Hallingdal

Nokre nye namn vart foreslått

Breiband

KAG orienterte om at breibandssøknad og at det har vorte utsatt søknadsfrist

Bustadkonferanse

Det blir bustadkonferanse (utvida vannhull) 17 okt kl 0800 på Pers. Kommunane vert oppmoda om å stille opp.

Hallingdal 30.9.2022

Jan Olav Helling

Dagleg leiar